



KVINNHERAD
K O M M U N E

Ordførar

«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«UTLANDSADRESSE»

Saksbehandlar

Tlf. direkte innval

Vår ref.

Dato

Peder Sjø Slettebø

907 40 595

2018/15-8

31.01.2018

Uttale vedrørende Rosendal tannklinikk og moglege strukturendringar i tannhelsetenesta i Hordaland

Syner til møte i Kvinnherad rådhus 23.01.18 mellom fylkestannlegen og Kvinnherad kommune. Etter avtale sender vi Dykk eit skriv med oppsummering av kommunen sine argument og våre framlegg til alternative løysingar for å sikra framleis fylkeskommunal tannhelseteneste i Rosendal.

Vi vil innleiingsvis streka under at argumenta våre for å oppretthalda tannklinikk i Rosendal tek utgangspunkt i at pasienten alltid skal vera i sentrum:

Kvinnherad kommune har i dag omlag 13.100 innbyggjarar. Av disse soknar vel 3000 til Rosendal tannklinikk. Det er 157 personar med heimesjukepleie som alle har rett til gratis tannhelseteneste i Rosendal, og det er omlag 62 institusjonsplassar ved Rosendalstunet der alle har tilsvarende rett. I tillegg er det mellom 15 og 20 brukarar innan psykisk helsevern som også kjem inn under ordninga. Dei øvrige er elevar i ungdomsskular og barneskular som soknar til Rosendal tannklinikk, og også born i barnehagar i same område. Eldre, kronisk sjuke og born inntil 13 år må ha følgje til tannklinikken. Dette er ei betydeleg gruppe i Rosendalsområdet. Utviding av Rosendalstunet gjer at gruppa frametter vert større enn tidlegare.

Det høge talet personar som treng følgje til tannklinikken og som i dag soknar til Rosendal tannklinikk, vil medføra vesentlege transportkostnadar for fylkeskommunen. Det vil også vera til ulempe for den enkelte. Også for dei som skal følgja vil dette vera til ulempe: Foreldre lyt ta fri frå arbeid for å følgja borna, og det medfører fråvær av personell på institusjon. Ikkje minst er det også i ei tid med sterkt fokus på redusert biltrafikk i strid med både fylkeskommunale og kommunale mål om utsleppsreduksjon.

Vidare vil vi, trass generell betring i tannhelsa dei seinare åra, peika på at det enno er mange med karies, og særleg mange i tannhelsedistrikt Sør (Sunnhordland) med karies. Dette betyr for den enkelte meir enn ein time hjå tannlege årleg.

Kommunen vil hevda at framhald av tannklinikk i Rosendal medfører effektiv og rasjonell drift. Tannpleiar ein dag i veka gjer at 40% av born og unge i Rosendal kan få tannbehandling på staden då dei er kariesfrie. Mykje behandling kan utførast på klinikken i Rosendal og er såleis reisebesparande også for andre grupper.

Kvinnherad er som kjent ein langstrekt kommune med utfordrande geografi, lite tenlege kommunikasjonar og mangelfullt kollektivtilbod. Vi er i denne samanheng særleg uroa for dei av våre innbyggjarar som ikkje finn tenleg kollektivtilbod, og som heller ikkje har pårørande eller kjende som kan køyra dei. Ved ei eventuell nedlegging av Rosendal tannklinikk vil denne gruppa bli skadelidande. Det er risiko ved at enkelte som treng det som følgje av eventuell nedlegging av praktiske grunnar vil takka nei til naudsynt tannbehandling.

På ettermiddag og kveld føregår mykje fritidsaktivitetar i Rosendalsområdet. Også av omsyn til akuttsituasjonar på ulike tider av døgeret ser vi fylkeskommunal tannklinikk i nærområdet som viktig. Til dømes ved utslått tann vert prognosen dårlegare dess lengre tid det tek før tanna vert sett på plass att.

Vi vil avslutta argumenta våre med å på ny streka under at kostnadane for fylkeskommunen ved eventuelt å avvikla tannklinikken i Rosendal vil verta vesentlege då transportkostandane som peika på vert svært høge. I lys av det vil vi syna til det som i dag er ein svært god leigeavtale for Hordaland fylkeskommune, inngått med Kvinnherad kommune i 1985. Årleg kostnad er kr 102 161,- per år. Leiga skal regulerast i tråd med konsumprisindeksen annakvart år, men etter leigekontakten berre med 50% av konsumprisindeksen. I tillegg til ein svært låg kvadratmeterpris kostar kommunen også for fylkeskommunen straum, reinhald, vaktmeistertjenester, assurance og kommunale avgifter (for kommunen omlag kr. 130.000,- årleg). Ein slik god leigeavtale ser vi ikkje at fylkeskommunen kan ha vinning av å avslutta sett opp mot auka kostnadar til transport. Vi vil også minna om fylkeskommunen sitt ansvar for innbyggjarane sin nærleik til tenestene og pasienten sitt beste i sentrum.

Alternative løysingar

Dersom fylkestannlegen står ved at det trass disse argumenta vil vera tenleg å avvikla tannklinikken i Rosendal, signaliserte kommunen i møtet at vi vil føreslå alternative løysingar. Vi oppsummerer dei kortfatta slik:

1. Hordaland fylkeskommune får, etter nærare avtale, disponera eigna rom i det nye Rosendalstunet. Lokalet må stetta krava for at tannbehandling kan finna stad.
2. Hordaland fylkeskommune går i dialog om mogleg leigeavtale med privat tannklinikk i Rosendal, der den fylkeskommunale tannhelsa ein dag i veka disponerer ein stol der tannbehandling for alle våre innbyggjarar med rett kan få si tannhelseteneste.

Vi ynskjer snarleg attendemelding frå fylkestannlegen om vidare drøftingar. I dei to framlegga kommunen har til alternative løysingar er det mange føresetnader som må på plass, og dette ser vi fram til ein snarleg og konstruktiv dialog om. Vi bed om at fylkestannlegen går inn i dialogen med ynskje om å finna ei løysing Kvinnherad kommune kan akseptera.

Vi vil nytta politiske kanalar dersom vi på dette nivået ikkje når fram med vårt syn.

Med helsing

Peder Sjo Slettebø
Ordfører

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Peder Sjo Slettebø